

Rygjaveggen

Produksjon som statsforetak?

Side 6

Bompengeringen

Side 7

Handlingsprogram

Side 4

40 år i bilregisteret

Side 20



Statens vegvesen
Rogaland





Samlet statlig vegvesen med produksjonsdivisjon?

Den gode tilbakemeldingen fra våre styrende myndigheter er denne gang at vi også i framtiden skal ha et samlet og landsdekkende statlig vegvesen. Dette er godt nytt for alle i Statens vegvesen. Vi har vært opptatt av å ha et rasjonelt og kompetent vegvesen også i framtiden. Grunnlaget for å ha det er nå lagt og vi må gjøre vårt beste for at forventningene til oss blir innfridd. Samtidig skal fylkeskommunens rolle i vegpolitikken styrkes ved at de gis avgjørende innflytelse på prioriteringene når det gjelder utbygging av riksvegnettet. I Rogaland har vi etter hvert opparbeidet en god praksis for godt samarbeid med fylkeskommunen, og det er vi innstilt på å fortsette med. Vi har alt å tjene på et godt og konstruktivt samarbeid med det regionale folkevalgte nivå.

Vegdirektøren har gått inn for at vi skal ha en produksjonsdivisjon i framtiden i Statens vegvesen. Det betyr en fortsatt tilknytning til vegvesenet, men direkte underlagt vegdirektøren, ikke vegsjefen som nå. I tillegg vil det bety at en adskillig større del av oppdragsmengden må sikres gjennom å vinne anbudskonkurranser. Det vil også bety at produksjon kan gå inn i konkurranse med private om oppdrag utenfor vegvesenet.

I skrivende stund er ikke rapporten fra Statskonsult klar. Denne rapporten skulle gi anbefalinger om tilknytningsform for produksjon. I et foreløpig utkast anbefalte Statskonsult at produksjon skulle skilles ut som eget selskap (statsforetak el. statsaksjeselskap). Samferdselsministeren har imidlertid vært nokså klar på dette punktet idet han sier at vi ikke trenger noe nytt statlig anleggsselskap her i landet. Derimot trenger vi en sterk statlig produksjonsenhet som kan ivareta visse strategiske samfunnsmessige hensyn. Vi vet ennå ikke helt hvordan dette kommer til å ende. Det vil tilslutt være Regjeringen og i siste instans Stortinget som avgjør dette. Det vi må håpe på er at det ikke bare er økonomiske hensyn som blir utslagsgivende. Statens vegvesen har i dag en rolle som garantist for et framkommelig vegnett over hele landet. Det krever både tilstedeværelse og ansvarsfølelse, spesielt ute i distriktene. Vi har over tid også utviklet både rasjonelt utstyr og rasjonelle metoder som har kommet samfunnet til gode. Det vil vi gjerne fortsette med. Vi er ikke helt sikre på at dette hadde latt seg gjøre dersom ikke vår produksjonsvirksomhet hadde vært en integrert del av Statens vegvesen.

Vi går også spennende tider i møte på myndighetssiden. Allerede 15. september i år tas det sikte på å ha klar et forslag til tekst i en stortingsproposisjon om vegvesenets framtid. Her vil det stå noe om både regioninndeling og fysisk plassering av regionvegkontor. Et annet viktig tema vil være arbeidsdelingen mellom vegdirektorat, regionvegkontor og lokalenhet. Her kan det bli relativt store endringer i forhold til i dag.

I en slik situasjon blir vi naturlig nok usikre alle sammen. Alle vil tenke hva med meg? Det gjør også jeg. Vegsjefen blir også fristilt i denne prosessen. Vi må passe på å ikke svartmale situasjonen. De aller fleste vil finne sin plass også i ny organisasjon. Noen må kanskje flytte på seg, men personlig tror jeg at ved å utnytte de muligheter som nå finnes til å jobbe via nett, vil mulighetene til fjernjobbing bli utnyttet mye mer. I en slik prosess er det viktig at ikke tunge fagmiljøer smuldrer opp. Det må derfor være et overordnet mål at ikke prosessen drar for langt ut i tid. Derrest må vi allerede nå gi klare signaler om at Statens vegvesen trenger den veg- og trafikkfaglige kompetansen i fullt monn også i framtiden.

Tor Geir Espedal

Stor vekt på trafikk sikring og miljø

TEKST: HARALD SEL



Foto: Svein Kyte

Å unngå situasjonar som denne, er eit overordna mål i Nasjonal transportplan 2002–2011. Nullvisjonen – ingen personar skal bli drept eller alvorleg skada ved trafikkulykker – skal liggja til grunn ved prioriteringane.

Planramme til riksvegane i Rogaland for åra 2002–2005 er 1,9 milliarder kroner. 450 millionar skal skaffast fram utanom statsbudsjettet, stort sett som bompengar. Berre eit stort prosjekt blir fullført, ny riksveg 44 Stangeland–Skjæveland til 287 millionar. Det er lagt stor vekt på trafikk sikring og miljøtiltak



E 39 gjennom Drangsdalen skal få forbi-kjøringsfelt på ein kilometer. Arbeidet skal etter planen starta i 2002. Her ser me litt av vegen opp Drangsdalen.



Foto: Tor Kåre Austheim

Norheimkrysset på Karmøy skal byggjst om til toplankryss, med planlagt anleggsstart i 2002. Me ser Karmsund bru i bakgrunnen, vegen til venstre går mot Torvastad og vegen til høgre mot Salhus og industriområdet.

Dette går fram av forslag til handlings-program for perioden 2002 til 2011. Programmet er inndelt i to periodar, 2002–2005 og 2006–2011. Prosjekt og tiltak er berre spesifisert for den første perioden.

Handlingsprogrammet byggjer på stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2002–2011 og Stortingets behandling av denne meldinga 15. februar i år.

STAMVEGANE

Løyvingar til stamvegnettet kjem i tillegg til fylkesfordelt planleggjingsramme. Tabell 1 viser prosjekta i Rogaland som er ført opp med statlege midlar.

STAMVEGAR I GRANNEFYLKA

To store, og viktige prosjekt for Rogaland, er planlagt oppstarta utanfor fylket i perioden 2002–2005.

Det mest omfattande prosjektet er Handeland–Fedafjorden, i Vest-Agder. Anleggskostnadene blir på bortimot 1,1 milliardar kroner.

Første byggetrinn av ny E 134 gjennom Rullestadvjuvet i Hordaland er ført opp i handlingsprogrammet. Anleggskostnadene er 290 millionar kroner.

ANDRE RIKSVEGAR

Tabell 2 visar prosjekt på det vanlege riksvegnettet som er foreslått oppstarta fram til 2006.

I tillegg til desse prosjekta er det planlagt mindre utbetringar, mellom anna rassikringstiltak på riksveg 13 Nesvik–Indre Eiane, riksveg 520 mellom Ropeid og Saudasjøen og E 39 ved Tronvik i Lund.

NYE BOMPENGEORDNINGAR

I tillegg til dei to vedtekne bompengordningane på Nord-Jæren og i T-sambandet, er det i handlingsprogrammet foreslått to nye bompengordningar, på riksveg 45 i Gjesdal og i Haugesund-området.

Bompengane på riksveg 45 skal brukast til utbetring av dei dårlegaste strekningane mellom Ålgård og Vest-Agder grense. Statens vegvesen og Gjesdal kommune er einige om ein utbyggingsplan med investeringsramme på 102 millionar 2000-kr. Av dette skal 80 millionar koma frå bompengar.

I Haugesund-området ligg det føre ein utbyggingsplan (2002–2011) for dei høgast prioriterte vegprosjekta med ein kostnadsramme på 759 millionar kroner. 480 millionar av denne summen er tenkt finansiert med bompengar.



I handlingsprogrammet er det foreslått oppstart i 2002 med den lenge planlagde rassikringa ved Ivarsflaten på Suldalsvegen.

Her ser me at veggen nå går i tunnel på ein kort strekning. Den nye Ivarsflaten tunnel blir ein kilometer lang, og han vil erstatta heile den veggstrekninga me ser på biletet pluss litt til.

RYFYLKEPAKKEN

Aktuelle prosjekt i Ryfylke blir lagt fram i den såkalla Ryfylkepakken, som politisk skal behandlast som eiga sak. Dei største prosjekta er Ryfylke-sambandet Strand-Stavanger, fastlandssamband for Finnøy, bru på riksveg 46 over Sandsfjorden i Suldal og ny riksveg 520 mellom Sauda og Etne. Den totale investeringsrammen i Ryfylkepakken er 3,1 milliardar kroner. Då er det tenkt at Staten skal betala 354 millionar, Rogaland fylkeskommune 150 millionar og 2.602 millionar skal koma frå bompengar og kommunale midlar.

TRAFIKKSIKRING

Innsats for tryggare trafikk er eit overordna mål i Nasjonal transportplan 2002–2011, særleg for vegsektoren der 90 prosent av ulykkene skjer. Nullvisjonen – ingen personar skal bli drept eller alvorleg skada ved trafikkulykker – skal liggja til grunn ved prioriteringane.

I handlingsprogrammet er det mellom anna sett av 60 millionar kroner til arbeid med haldningsskapande tiltak som betre føraropplæring, bruk av bilbelte og sikring av barn og barns adferd på skulevegen.

Det er også foreslått redusert fartsgrense på ein del av riksvegane.

KOLLEKTIVSATSING, SYKKEL OG MILJØ

I Nasjonal transportplan peikar ein

på ulike måtar å løysa transportproblema på i byar og i distrikta.

I storbyane går ein inn for vidare utbygging av hovudvegnettet og kollektivtiltak og fleire virkemiddel for å redusera vegtrafikken.

I distrikta vil ein halda oppe busetting og næringsliv ved mellom anna eit godt utbygt transportnett.

I handlingsprogrammet er det planlagt 22 km gang- og sykkelvegar i perioden 2002–2005.

Det skal arbeidast for overføring av persontrafikk frå bil til miljøvennlege

transportformer. Dobbelspor på jernbanen Stavanger – Sandnes er eit tiltak for å få fleire til å reisa kollektivt. Sykkelbruken er dokumentert liten på kortare reiser på Nord-Jæren og det same gjeld truleg for fylket elles. Det er difor potensiale for trafikkoverføring frå bil til sykkel.

Det er ført opp 261 millionar kroner i handlingsprogrammet til gang- og sykkelvegar, miljø- og servicetiltak og kollektivtiltak i perioden fram til 2005. Av dette kjem 45 millionar frå bompengerevninga på Nord-Jæren.

TABELL 1 **STAMVEGANE**

Veg	Prosjekt	Anleggskostnad (mill. 2002-kr.)	Oppstart
E 39	Solasplittkrysset (refusjon)	39	Bygt i år
E 39	Tjensvollkrysset	90	2002
E 39	Drangsdalen (forbikjøringsfelt)	15	2002
E 134	Liasletta–Erslund	20	2002

TABELL 2 **ANDRE RIKSVEGAR**

Veg	Prosjekt	Anleggskostnad (mill. 2002-kr.)	Oppstart
– statlege midlar			
Rv 13	Rassikring Ivarsflaten (Suldal)	40	2002
Rv 13	Askvik–Pundsnes (Hjelmeland)	25	2005
Rv 47	Nordbøkrysset i Karmøy	26	2001
Rv 47	Haugesund–Hordaland grense	122	2004
Rv 502	Eie–Nordsjøterminalen (Eigersund)	10,5	2004
– bompengar/andre midlar			
Rv 44	Stangeland–Skjæveland	287	2003
Rv 44	Omkjøringsveg Kleppekrossen	107	2005
Rv 47	T-sambandet Karmøy–Haugesund–Tysvær	786	2006
Rv 509	Arabergv.–Skiljaberget (Sola)	45	2006
Rv 510	Solasplitten (E 39–Sømmevågen)	76	2006

Framtida for vegvesenets produksjon

STATSKONSULT TILRÅR:

Statseigd produksjons-selskap

Vegvesenets produksjon bør organiserast som eit statsforetak under Samferdselsdepartementet. Av effektivitetsomsyn bør det på sikt leggjast opp til full konkurranseutsetting av drift, vedlikehald og utbyggingssoppgåver.

Dette tilrår Statskonsult i sin rapport der dei vurderer ulike modellar for organisering av Statens vegvesen sin produksjon

Statskonsult grunngir si tilråding ut frå effektivitetsomsyn. I rapporten går ein imot ein modell som kombinerer direkte oppdrag og oppdrag som er konkurranseutsett. Ein slik modell er lite i samsvar med regelverk på området og har lita tiltru i marknaden. Eventuell eigenregi bør organiserast som ein del av myndighetssida, heiter det i rapporten.

Statskonsult meiner at eit eige statseigd selskap er den modellen som gir mest like rammevilkår med dei private konkurrentane. Selskapet bør vera underlagt Samferdselsdepartementet. Dersom Statens vegvesen skal forvalta eigarskapet tilrår Statskonsult at det blir oppretta eit aksjeselskap og at dette blir styrt etter reint forretningsmessige prinsipp.

Statskonsult seier at det ikkje er tilrådeleg å gå direkte frå dagens modell til ein selskapsmodell og full konkurranseutsetting. Men ein omstillingsperiode bør ikkje strekka seg over for mange år. Omstillinga bør vera basert på ein fastlagt plan med måltall for milepelar i prosessen, og omstillinga må ha eit definitivt slutt-tidspunkt.

Statskonsult seier til sist i rapporten at omstillingsbehova vil vera så store at det vil vera behov for ein eigen statleg omstillingspakke.

AV HARALD SEL



Blir Statens vegvesens produksjonsarbeidarar og maskinar å finna både høgt og lågt også i framtida? Her frå arbeid med rassikring om lag 150 meter over Lundevatnet og fylkesveg 2 i Lund kommune.

Foto: Birgit Hoiland Gudmestad.

Statsråd TERJE MOE GUSTAVSEN:

Rask politisk behandling

Samferdselsdepartementet vil om kort tid senda Statskonsult sin rapport på høyring. Alt i haust får me kanskje vita kva regjeringa går inn for, i samband med behandlinga av statsbudsjettet.

Dette seier samferdselsminsiter Terje Moe Gustavsen. Han vil ikkje antyda kva konklusjon departementet kan koma fram til. Men statsråden legg vekt på at produksjonsverksemda skal vera eit virkemiddel, mellom anna som eit korrektiv i marknaden.

– Dette tilseier nok etter mi oppfatning at produksjonsverksemda ikkje kan organiserast fjernt frå Statens vegvesen. Eg vil understreka at produksjon framleis skal underleggjast offentleg styring og kontroll, og at privatisering ikkje er aktuelt, seier Moe Gustavsen til Vegdirektoratets informasjonsteneste.

Etatsdirektør KJELL BJØRVIG:

Uheldig med utskilling

– Eit eige selskap utskilt frå Statens vegvesen, kan ikkje brukast strategisk. Det vil bli eit selskap som eit anna entreprenørselskap. Det er her Statskonsult kortsluttar, seier etatsdirektør Kjell Bjørvig.

Bjørvig har vanskeleg for å sjå at det norske samfunnet treng eit nytt statleg entreprenørselskap. Han meiner at vegvesenet framleis må ha ei stor og landsomfattande produksjonsverksemd, men han er budd på at omfanget av verksemda vil avhenga av konkurranseevna.

– Me er klare til konkurranse, og me skal visa at me har ei effektiv og kompetent produksjonseining i Statens vegvesen. Vegvesenet bør også i framtida bygga, vedlikehalda og drifta vegar over heile landet i konkurranse med private tilbydarar. Det blir best og billigast for samfunnet. Statskonsults rapport om organiseringa av produksjonsverksemda endrar ikkje vårt syn på dette, seier etatsdirektør Kjell Bjørvig.

EIGA INFORMASJONSAVIS

Det blir sendt ut ei eiga informasjonsavis om Statskonsult sin rapport og produksjonsverksemda si framtid. Avisa kjem ut kort tid etter 17. mai og blir sendt til alle tilsette i Statens vegvesen.

BOMRINGÅPNING

uten forviklinger



Første og andre bil som betaler med mynt i bomstasjonen på E 39 på Forus



Prosjektleder Gunnar Eiterjord blir intervjuet av TV-Vest rett før bomringen ble satt i drift. I tiden rundt åpningen sto media i kø for å få Eiterjord i tale.

Fredag 20. april var D-dag for åpning av bompengeringen på Nord-Jæren. På slaget 12 flyttet vegvesenets folk bort kjeglene i de manuelle feltene. Samtidig rullet skiltene over fra gratis og stengt til abonnement og manuell. TEKST OG FOTO: EVA VIVOLL

Det betydde at alle med abonnement kunne kjøre som før, mens alle andre måtte inn i det manuelle feltet og finne fram myntene. Hele 65 000 bilister hadde tegnet abonnement da bomringen åpnet. Allikevel kunne man ane en letterespent stemning hos både vegvesenet, driftsoperatøren og media. Det store spørsmålet var om det ville danne seg køer i de mest utsatte manuelle feltene, og om teknikken ville fungere som den hadde gjort under testingene.

ÅPNINGEN

Det gikk over all forventning. Prosjektleder Gunnar Eiterjord sto rolig og bivånet at kjeglene ble flyttet og skiltene vippet over på E 39 på Forus. Media fikk sine intervju og bilder og dro, enkelte kanskje noe slukøret, tilbake til redaksjonen. Det ble rett og slett ingen skandaler å skrive hjem om. De ventede aksjonistene uteble, i hvert fall på motorvegen, og teknikken fungerte som den skulle.

STORT BRIKKESALG

Det store brikkesalget har ført til forholdsvis lite biler i de manuelle feltene, og dermed få køproblemer. Dersom brikkesalget fortsetter i den hastigheten det gjør i disse dager regner prosjektlederen med at køene er en saga blott om kort tid. Vaktentralen på vegkontoret overvåker bomstasjonene kontinuerlig. Det er også plassert ut vakter fra Securitas, samt en del egne folk, for å hjelpe bilistene gjennom de manuelle feltene på de mest trafikkerte bomstasjonene de første dagene.

UTFORDRINGER

Noen få tekniske innkjøringsproblemer har dukket opp etter hvert. Det er kommet klager på at en del myntautomater er plassert for høyt, og i

På slaget kl 12 den 20. april sto prosjektlederen rolig og bivånet at skiltene vippet over til abonnement og manuell.



noen få stasjoner skifter lyset fra grønt til rødt før bilene har kommet seg ut av den manuelle fila. Begge disse forholdene skal være i orden før dette leses. Det har også vært en del utfordringer ved at abonnementene ikke er registrert på brikkene. Dermed har bilistene fått gult lys, noe som indikerer feilpassering. Dette rydder driftsoperatøren Q-Free opp i fortløpende.

UTBYGGINGSPROSJEKT

Fram til 2011 skal det investeres for ca 2,8 milliarder kroner i forbedringer i transportsystemet i regionen, 1/3 del er bompenginntekter. Så neste gang du kjører gjennom bomringen, vet du at du er med på et skikkelig spleiselag for å forbedre transportsystemet i regionen.

PLANLAGT FORDELING AV INVESTERINGSMIDLENE

Kollektivprosjekter inkl. Jærbanen	980 mill. kr
Vegprosjekter	1285 mill. kr
Gang- og sykkelveger	225 mill. kr
Spesielle trafiksikkerhetstiltak	85 mill. kr
Spesielle miljøtiltak (støy med mer)	190 mill. kr



Nye Stavanger

TEKST OG FOTO: EVA VIVOLL

Foto: Brit Elve Strand



Reidun Lanne og Venke Sande Trahan er svært godt fornøyd med den nye arbeidsplassen. I forhold til brakketilværelsen på Mariero, som etter hvert ble mer og mer kummerlig, har nye Stavanger trafikkstasjon både god plass og godt tilrettede arbeidsplasser.

Livet på præreren kommenterte en av de ansatte da Ryggjavegen kom på besøk for å lage fotoreportasje fra nye Stavanger trafikkstasjon. Riktignok ligger den nye stasjonen uten mye le fra verken nordavind eller sønnvind. Men på de totalt 4000 kvm fordelt på 4 bygg har de ansatte til gjengjeld svært gode arbeidsforhold. Alle rom har lyse tiltalende farger, og inventar og arbeidsplasser er tilpasset arbeidet som skal utføres. Til venstre ligger to av kontrollhallene, mens administrasjonen holder til i det store vinkelbygget midt i bildet. Bak administrasjonsbygget ligger den store kontrollhallen.



En stolt gjeng: Fra venstre distriktsleder Dag Folkestad, faggruppeleder Reidun Lanne, førstesekretær Anne Karin Øren, formann Erik Fjermestad og faggruppeleder Eilert F. Evensen.



Som en orme lange strekker den røde sofaen seg gjennom ekspedisjonslokalet. Det er likevel ingen selvfølge at alle kundene får sitteplass i de mest hektiske periodene. Automater for leskende drikke, telefon og foto sees i bakgrunnen.



Også små besøkende har fått sin sitteplass. Under vårt tidlige morgenbesøk ser det ut til at bare en liten hadde besøkt trafikkstasjonen.



Avdelingsingeniør Johan Vasbø har gode arbeidsforhold når han arbeider med registrering og kontroll av kjøretøy.



Stavanger trafikkstasjon har mange haller, og enda flere spor. Hall E er for tunge kjøretøy og har to spor. Her er det sjåfør Bengt Høiland som har kjørt bilen inn på det lengste sporet. Det måler hele 36 meter, og er et av de lengste i Norge.

Hall D for lette kjøretøy har tre spor. Avdelingsingeniør Cato Roland kan konstatere at dagens første EU-kontroll på en Ford Ka ga strøket resultat.



Foto: Brit Elve Strand

En nyslått og svært fornøyd sjåfør: Håvard Finesand fra Bryne besto førerprøven med glans, og fikk mye ros fra både kjørelærer Jone Hansen fra ABC trafikkskole og sensor Willy Nesse.

DATABASERT trafikkstasjon



Georg Eie ved datamaskinen på kontoret ved Egersund trafikkstasjon. I ei nær framtid vil internett og databaserte tenester overta for mange av dagens manuelle tenester.

Kundene må berre møta på stasjonen til den praktiske delen av førarprøven og til kjøretøykontroll; alle andre tenester kan utførast elektronisk. Innan kort tid vil truleg den databaserte trafikkstasjonen vera ein realitet.

TEKST OG FOTO: HARALD SEL

Alle fylka har ein nettverksperson som arbeider mot Vegdirektoratet om utvikling av EDB-teknologi. I Rogaland har Georg Eie, Egersund trafikkstasjon, denne funksjonen. Grappa av kontaktpersonar arbeider mellom anna med det dei kallar «den virtuelle trafikkstasjonen», som på vanleg norsk betyr omtrent det same som databasert trafikkstasjon. I grappa har Georg arbeid spesielt med saker knytta opp mot førarkortforskriftene. – Dette er eigentleg ei vidareføring og eit delprosjekt av TREFF-prosjektet, der me arbeider med dataløysingar via Internett som kan erstatta personleg fram møte på trafikkstasjonane, seier Georg Eie.

FØRARPRØVEBESTILLING PÅ INTERNETT

Av datatenester som me veit vil koma, er timebestilling for teoretisk og praktisk førarprøve. Programmet skal knyttast opp mot Føniks. Dette er eit landsdekkande dataprogram som alle trafikkstasjonane nyttar i dag.

Vegdirektoratet har ikkje fastsett dato for oppstart. Først skal programmet prøvast ut på nokre få stasjonar. Nyordninga vil få mest å seia for den praktiske delen av førarprøven, sidan alle trafikkstasjonane i Rogaland alt har innført såkalla «drop inn-ordning» for teoriprøver. Det vil seia at elevane som har sendt inn søknad om førarkort, kan møta ved trafikkstasjonane og avleggja teoriprøve utan å bestilla tid på førehand.

– Elevane må samordna timebestillinga for den praktiske prøven med kjøreskulane, så me er spente på korleis det går, seier Georg Eie. I innkjøringsfasen trur han nok at samkjøringa med kjøreskulane kan svikta av og til, slik at dei ikkje møter fram til tida som er bestilt. Difor vil det bli lagt vekt på å informera aktuelle brukarar.

Frå Statens vegvesen og trafikkstasjonane si side vil nyordninga også krevja betre langtidsplanlegging. – Me må til ei kvar tid ha planar for mist ti veker framover, seier Georg Eie.

REGLAR, SKJEMA OG FØRARKORT

Når kundane skal nytta databaserte tenester skal dei klikka seg inn på internettsida til Statens vegvesen. Her vil ein finna ein info-portal der ein kan finna fram til dei tenestene som ligg inne.

Mellom anna vil ein finna forskrifter og reglar av alle slag. Ein vil finna svar på dei spørsmåla som publikum oftast vil ha svar på, for eksempel reglar om kjøring med tilhengar, om førarkort, om øvingskjøring og registrering av kjøretøy.

Vidare kan ein henta inn skjema og blankettar, fylla dei ut elektronisk og senda skjemaet som elektronisk post til ein trafikkstasjon.

Truleg vil det heller ikkje gå lenge før ein kan få nytt førarkort, for eksempel når ein har mista det gamle, over internett. Foto og signatur ligg inne i databasen og den elektroniske signaturen vil bli sidestilt med handskriven signatur.

Teoriprøve på PC er nok heller ikkje langt unna. Eleven får fram teori-skjemaet på skjermen. Her er Rogaland peika ut til å vera prøvefylke for nyordninga. Ved enkle kontrolltiltak vil PC-prøve vera sikrere mot juks enn dagens skriftelege prøve på trafikkstasjonane, mener Georg Eie.

Slik kan ein lista opp teneste etter teneste. Den databaserte trafikkstasjonen vil gjera personleg fram møte unødvendig.

FÆRRE TILSETTE

Overgang til databaserte tenester vil etter kvart få konsekvensar for dei som arbeider på trafikkstasjonane. Det vil bli bruk for mindre folk, og Georg Eie er spent på kor raskt kundane vil ta i bruk internett.

– Erfaringsmessig har mange spørsmål til oss og dei har problem som dei gjerne vil snakka om. Så eg trur at behovet for informasjon av ulik slag heller vil bli større i tida som kjem. Uansett må me ha ei viss manuell betjening også i framtida, trur Georg Eie.

KJØRETØYKONTROLL:

Alle telefonar til Egersund



Kontrollhallane ved Egersund trafikkstasjon. Nå skal Egersund administrera timebestillingane av kjøretøykontroll for både sin eigen stasjon og stasjonane i Stavanger og Haugesund.

Egersund trafikkstasjon skal vera mottakssentral i Rogaland for timebestilling til kjøretøykontroll.

Det er nyleg oppretta eit nytt såkalla 800-nummer som skal brukast i heile fylket ved kjøretøykontroll-bestilling.

Ved Egersund trafikkstasjon reknar ein med at minst to personar i første omgang blir sysselsette med å svara på telefonar og administrera bestillingar og timelister for trafikkstasjonane i Egersund, Stavanger og Haugesund. Dette betyr ei effektivisering i forhold til dagens desentraliserte ordning.

– Ved å sentralisera bestillingane til ein stasjon vil ein kunna arbeida meir rasjonelt med personar som er spesialistar innan området. Dette vil gje maksimal utnytting av ressursane, samtidig som stasjonane i Stavanger og Haugesund kan nytta disponible ressursar til andre oppgåver, seier Georg Eie. Han er usikker på kor mykje ein vil spare på nyordninga. Det vil ein vita meir om etter ei viss prøvetid.

Georg Eie seier at det på sikt blir spennande å sjå kor mange som kjem til å bestilla time for kjøretøykontroll over internett. Den databaserte bestillinga, som blir knytta opp mot bilregisteret (Autosys), vil redusera behovet for manuell ekspedering.

– Uansett må me rekna med at ein del ønsker å snakka med levande menneske også i framtida, så det er bra for Egersund trafikkstasjon at me får denne tenesten med tanke på å sikra arbeidsplassane, seier Georg Eie.

Til Kvitsøy med kranbåt

Gamle Såmesund bru er bytta ut med ny betongplatebru. Entreprenøren, Selmer ASA, støypte landkara og to bruelement i Hinnavågen, frakta delane til Kvitsøy og montert dei med kranbåt. Midtspennet er støyt på plassen. Brua har kosta 2,2 millionar kroner.

TEKST OG FOTO: HARALD SEL



Prosjektansvarleg Magne Laugeteig etter at brua er heist på plass og montert. Alt har gått etter planen.


Gamle Såmesund bru var frå 1916. Ein inspeksjon i 1999 viste at både fundamentet og sjølve brua var i svært dårleg forfatning. Ho var ikkje sterk nok til lenger å kunne tola åtte tons aksellast. Frå 1. juli 1999 blei maksimal aksellast nedsett til seks

tonn. Seinare er aksellasta redusert til maksimalt fem tonn.


Prefabrikering av bruer har i liten grad vore brukt i Norge. I Rogaland er det gjort ein gong tidlegare, ved bygging av ei større bru. I 1988 blei bruspennet til Helgøysund bru pro-

duisert på Rosenberg Verft, frakta til sundet mellom Nord-Talje og Helgøy og heist på plass med kranskip.

På Kvitsøy var det smale og grunne sundet ei særleg utfordring. Det store kranskipet måtte ha hjelp frå ein mindre slepebåt for å manøvrera seg



Det store kranskipet ruva i Såmesundet.



Det eine bruspenn-elementet blir manøvrert på plass.



Steinane i eine karet på gamlebrua frå 1916 er i ferd med å siga ut i fjorden. Også elles er bru og fundament i elendig forfatning.




Både eldre og yngre kvitsøybuar var møtt fram. Med orkesterplass frå gamlebrua, kunne dei sjå at nybrua blei heist på plass.

inn. Det gjekk, med små marginar. Kranskipet fylte opp så godt som heile sundet. Små marginar og finmanøvrering var det også då elementa skulle heisast på plass. – Her skal det vera på millimeteren, sa basen frå Selmer. Og på millimeteren blei det.

Men så var vel også bruelementa, med ei vekt på bortimot 15 tonn, som småting å rekna for kranfører med kran. Krana kan løfta opptil 180 tonn. Heile arbeidet med å heisa dei fire elementa på plass var unnagjort på tre til fire timar.

Den nye Såmesund bru er 43,5 meter lang. Ho er fem meter brei, fordelt på eit kjørefelt med skulder og rom til rekkverk. Ved vestre landkar er det bygt ny støttemur.

Det er ikkje avgjort om den gamle brua skal bli ståande eller om ho skal rivast.



– Her skal det vera på millimeteren, sa basen.



Og på millimeteren blei det.



Naust og vakker

Mot slutten av dette året skal 1,2 km ny gang- og sykkelveg mellom Eie og Tengs i Eigersund vera ferdig. Samtidig skal 400 meter av riksvegen byggjast om. Mange års kamp frå dei som bur på Tengs og langs vegen har endeleg ført fram.



Prosjektet er kostnadsrekna til 12 millionar kroner. Av denne summen betaler Eigersund kommune ein million. I tillegg forskotterer kommunen fire millionar kroner, for å få arbeidet utført i år.


JERNBANE BRU TIL BENSINSTASJON

Gang- og sykkelvegen skal gå frå og med jernbanebrua på Eie og koplast

på den korte biten med gang- og sykkelveg som er bygd tidlegare frå bensinstasjonen på Tengs mot Eie. Over jernbanen skal det byggjast ny gang- og sykkelbru. Det blir ikkje gjort noko med strekinga frå bensinstasjonen til Tengs bru og vidare over brua. I dette området bur dei fleste barnefamiliane. Både Statens vegvesen og Eigersund kommune vil at gang- og sykkel-

Ingen av nausta langs fjorden må fjernast eller flyttast. Gang- og sykkelvegen skal gå mellom bilvegen og nausta. Langs fjorden elles blir det lagt stor vekt på det estetiske, mellom anna med steinsetting mot sjøen.

Ein del av strandsona, der gang- og sykkelvegen blir bygt, og med Kjeøyno og området ved Tengs i bakgrunnen.



TEKST OG FOTO: HARALD SEL



Då Rygjavegen var på anlegget rett før påske var desse vegvesenfolka i arbeid med gang- og sykkelvegen: Leif Sigve Myklebust (t.v.), formann Eivind Stangeland, KåreTaksdal, Terje Rugland, Odd Tommy Eie og Magnus Meland.



strandsona

vegen skal gå heilt fram til krysset med fylkeveg 51 til Bjerkreim, men i denne omgangen var det ikkje pengar til heile strekninga.

MANGE ULYKKER

Vegen frå Tengs til Eie har vore farleg og ulykkesbelasta. Frå 1988 og fram til nå har det her vore 19 meir eller mindre alvorlege ulykker. Ingen fotgjengarar har vore innblanda, men så har heller ikkje vegen i særleg grad vore brukt av mjuke trafikantar. Få foreldre har våga å senda barna sine ut på vegen. Fram etter åra har det blitt mykje foreldrekjøring på grunn av den farlege vegen.

MILJØ OG SAMARBEID

Å byggja veg langs ei strandline som den mellom Eie og Tengs, set strenge krav til miljøomsyn. Dessutan ligg det fleire båtnaust, båtstø og mindre kaiar langs fjorden.

Trass i dette har det lukkast å koma fram til avtaler med alle eigarane av naust og båt plassar. Byggeleiar Tove Dirdal er rosande i sin omtale av grunneigarane og dei som bur i området.

– Me er møtt med velvilje og forståelse. Det er bare ein fornøyelse å jobba der nede, seier ho.

Det blir lagt stor vekt på det estetiske og god utforming av anlegget. Mot

sjøen blir det brukt mykje naturstein, både til plastring og murar, og det blir bygd nye båtstø og småbåtkaiar.

KABLAR OG RØYR

Som det er vanleg ved anlegg av nye vegar, blir det også mellom Eie og Tengs lagt ned fleire kablar og røyr i gang- og sykkelvegen. Mellom anna blir det lagt ned vatn- og avløpsrøyr for Eigersund kommune. Desse skal erstatta ledningar som nå ligg i sjøen.



Under arbeidet blir trafikken i krysset Strømsbrua – Rv 44 ledet gjennom med fysiske sperrer både mellom kjørebane, gang-/sykkelvegen og anleggsarbeidet.



BEDRE FLYT

FOR ALLE TRAFIKANTER

TEKST OG FOTO: EVA VIVOLL.

I januar startet arbeidet med ny rundkjøring og undergang for myke trafikanter i krysset mellom Lagårdsveien og Strømsbrua i Stavanger. Samtidig bygges det kollektivfelt fra Strømsbrua til Muségata. Dette skal gi bedre trafikkavvikling for både myke og harde trafikanter.

Krysset Strømsbrua–Lagårdsveien er sterkt trafikkbelastet av både kjørende og gående/syklende. Det kommer blant annet av at Lagårdsveien er den viktigste innfartsåren til Stavanger sentrum fra sør, foruten motorvegen. Årsdøgns trafikken ligger på hele 17 000 biler. Strømsbrua forbinder Storhaug bydel, samt byøyene med riksveg 44, og når Storhaugtunnelen åpner i mai forventes det enda mer trafikk i krysset og dermed tøffere forhold, særlig for myke trafikanter. Derfor blir nå hele krysset bygd om.

UNDERGANG

Dagens fotgjengerovergang skal erstattes med en ny undergang. Undergangen skal ha tre armer slik at myke trafikanter skal kunne krysse vegen i alle retninger, men under jorda. Undergangen får god lysåpning i taket slik at det oppnås best mulig lysforhold og god sikt. Det skal også bygges fortau i undergangen slik at gående og syklende blir atskilt, og dermed ikke så utsatt for ulykker. Sykkelfeltene på Lagårdsveien og Strømsbrua skal allikevel opprett-

holdes. For de harde trafikantene blir det etablert en større og bedre rundkjøring, og det gamle lyskrysset for fotgjengere blir tatt bort.

KOLLEKTIVFELT

Det skal også bygges 500 meter kollektivfelt. Denne strekningen skal gå fra Muségata til Strømsbrua og blir en videreføring av kollektivfeltet som allerede går fra Stavanger sentrum langs riksveg 44. Kollektivfeltet er en del av satsingen for å bedre framkommeligheten for kollektivtrafikken.

FERDIG I MAI

Det er Statens vegvesen som er byggherre for prosjektet, mens NCC anlegg A/S og vår egen produksjonsavdeling er entreprenører. Kostnadene er beregnet til 25 millioner kroner som i sin helhet bekostes av statlige midler. Av disse forskotterer Stavanger kommune fem millioner kroner. Disse skal tilbakebetales i 2002. Rundkjøringen og undergangen skal stå ferdig når Storhaugtunnelen åpner 22. mai i år, mens det nye kollektivfeltet skal være klart i juli.



NY VEG

mellom Karmøy, Haugesund og Tysvær


I februar vedtok Stortinget T-forbindelsen – en ny vegforbindelse mellom Karmøy, Haugesund og Tysvær kommune. Over ti års kamp hadde gitt resultater. I 2005 starter arbeidet. Byggetiden er beregnet til fire år.

TEKST: EVA VIVOLL

T-forbindelsen skal knytte Karmøy til Tysvær med to undersjøiske tunneler, den ene skal gå under Karmsundet og blir 3980 meter, den andre får en lengde på 3870 meter og skal gå under Førdesfjorden. Fra Fosen skal det bygges 9950 meter veg til E134 ved Raglamyr. Når forbindelsen er ferdig bygd har Karmøy fått bedre tilknytning mot E39, reiseavstanden mellom sentrale deler av Karmøy og Nord-Jæren er redusert med om lag 25 km og det interne transportsystemet på Haugalandet er betraktelig forbedret.

KOSTNADER

De samlede kostnadene (2002-kroner) for T-forbindelsen er beregnet til 786 millioner kroner, der mesteparten – 578 mill. kroner – skal dekkes av bompenger. 165 mill. kroner er ordinært statstilskudd. Karmøy kommune forskutterer 33 mill. kroner, i tillegg



kommer 10 millioner som tilskudd fra det lokale næringslivet.

MILJØET

Kortere kjøreavstander vil føre til bedre miljø både gjennom redusert utslipp av klimagasser og reduserte støy og støvplager, særlig for beboerne langs Rv 47 nord på Karmøy og i Norheim-området. Det forventes også at det vil bli færre trafikkulykker. T-forbindelsen muliggjør også et forbedret kollektivsystemet ved at Karmøyregionen kan knyttes mot Kystbussen, samt at det lages et bedre kollektivtilbud mellom øy- og fastlandssiden i kommunen.

POSITIVE VIRKNINGER

T-forbindelsen vil få betydning for en bred videreutvikling av næringslivet. Blant annet vil Karmsund fiskerihavn og industriområdene på Karmøy få bedre tilknytning til Kyststamvegen, og det tilrettelegges for en videre utvikling langs industriaksen mellom Håvik og Kårstø. Også fylkesdelplanen for havner i Rogaland framhever T-forbindelsen som et sentralt prosjekt i forhold til videre havneutbygging i Nord-Rogaland. Således oppfylder prosjektet godt de målsettinger som er satt opp i en rekke Stortingsmeldinger om å se vegsystem, havner og terminaler i sammenheng.



